
Ålesund kyrkjelege fellesråd

DEN NORSKE KIRKE
Kyrkjene i Ålesund

Urnelund ved Vestre gravlund

Konkurransebeskrivelse



Oppdragsgjevar:	Ålesund kyrkjelege fellesråd
Oppdragsgjevar sine kontaktpersonar:	Andrea Hunger og Margrethe Nikoline Aas Vattøy.
Oppdragsleiar prosjektering:	Ha-Plan AS, Hallgeir Wuttudal.
Fagansvarleg:	Hagen Landskap, Mari Klauseth Hagen.
Betong og stålkonstruksjonar m.m.:	Hemar Prosjekt AS, Helge Vatnehol.

Innhald

1 Innbydinga 3
1.1 Kort om anskaffelsen 3
1.2 Kort om oppdragsgjevar 3
1.3 Atterhald om finansiering eller godkjenningar 3
1.4 Viktige datoar 3
2 Anskaffelsesprosedyre og konkurranseregler 4
2.1 Anskaffelsesprosedyre 4
2.2 Konkurranseregler 4
2.3 Kunngjering 4
2.4 Tilbudsåpning 4
3 Grunnlag for tilbodet 5
3.1 Konkurransegrunnlagets oppbygging 5
3.2 Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget 5
3.3 Befaring og informasjonsmøte 5
4 Krav til tilbodet 6
4.1 Tilbudets utforming 6
4.1.1 Organisering av tilbudsdokumenta 6
4.1.2 Språk 6
4.2 Tilbodet sitt innhald 6
4.2.1 Avvik og atterhald 6
4.2.2 Mangelfull prisutfylling. 6
4.2.3 Alternative tilbod 7
4.2.4 Deltilbud 7
4.3 Offentleglova 7
4.4 Levering av tilbodet 7
4.5 Tilbudsfrist 7
4.6 Vedståingsfrist 7
4.7 Tilbodskostnader 7
4.8 Tilbodsopning 8
4.9 Protokoll 8
5 Kvalifikasjonskrav 8
5.1 Underentreprenørar 8
5.2 Nasjonale avvisningsgrunnar 8
5.3 Tilbydaren si organisatoriske og juridiske stilling 8
5.4 Tilbydaren sin økonomiske og finansielle soliditet 9
5.5 Tilbydaren sine tekniske og faglege kvalifikasjoner 9
6 Tildelingskriterier 9

1 Innbydinga

1.1 Kort om anskaffelsen

Ålesund kyrkjelege fellesråd innbyr med dette til open tilbodskonkurranse om kontrakt for opparbeiding av urnelund ved Vestre gravlund på Aspøya i Ålesund.

Det skal etablerast totalt 688 urnegraver, 5 stk. minnetavler, port, hellelagt gangareal, bord, hellegang m.m. Dette er nærare beskreve i vedlagte prisforespørsel og teikningar.

Anleggsperioden er antatt å vere som oppgitt i punkt 1.4 Viktige datoar.

Som kontraktsbestemmelser gjeld NS 8405.

Arbeida skal gjennomførast som hovudentreprise, der hovudentreprenøren har ansvar for tids- og framdriftsmessig gjennomføring av prosjektet.

1.2 Kort om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for dette oppdraget er Ålesund kyrkjelege fellesråd, organisasjonsnummer 823 620 802.

Kontaktperson: Andrea Hunger. Epost: Andrea.Hunger@kyrkja.alesund.no
Sentralbord: +47 70 16 53 00
Mobil: +47 478 300 69

Spørsmål om konkurransegrunnlaget skal stillast via konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) eller til HA-Plan AS v/a-Plan AS v/ Hallgeir Wuttudal. Mobil: 41287040. Epost: hallgeir@haplan.no

1.3 Atterhald om finansiering eller godkjenningar

Oppdragsgjevaren tek atterhald om at finansiering av tiltaket vert godkjent av Ålesund kyrkjelege fellesråd. Dersom tiltaket ikkje vert finansiert eller godkjent, vil konkurransen verte avlyst.

Deltakarane i konkurransen har i så fall ikkje krav på erstatning for kostnader til å utarbeide søknad, tilbod og andre kostnader som deltakarane er påført som følge av konkurransen.

1.4 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Utsending av konkurransegrunnlag:	10.11.2026
Tilbodssynfaring:	17.11.2026 kl. 12.00
Frist for å levere tilbod	11.12.2026 kl. 14.00
Evaluering	Veke 51 - 2026
Evt. innkalling til avklaringsmøte	16.12.2026
Val av leverandør og kunngjering til leverandør	21.12.2026
Karensperiode	10 dagar
Kontraktsinngåing	05.01.2027
Vedståingsfrist for tilbodet	90 dagar
Leveranse	SNARAST
Oppstart	01.02.2027

Ferdigstilling	01.06.2027
Frist for å stille spørsmål om konkurransen:	09.12.2026

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfristen er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner det.

2 Anskaffelsesprosedyre og konkurranseregler

2.1 Anskaffelsesprosedyre

Konkurransen blir gjennomført som open tilbudskonkurranse, det betyr at alle interesserte leverandørar kan gi tilbod og oppdragsgjevar kan ha dialog med ein eller fleire leverandørar, jf. Foa § 9-2 (1) og (3). Dialogen kan gjelde alle sider av tilbodet og kan mellom anna omfatte avklaringar og forhandlingar.
Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakta uten å ha dialog med leverandørane. Dialog kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatt, ser at det er behov for det. Det presiserast at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod og derfor må levere sitt beste tilbod. Det blir elles vist til bestemmelsane i forskrift om offentlege anskaffelser FOR-2016-08-12 nr. 974 § 9-3

2.2 Konkurranseregler

Lov om offentlege anskaffelser LOV-2016-06-17 nr. 73 (Loa) og forskrift om offentlege anskaffelser FOR-2016-08-12 nr. 974 (Foa) del I og II gjeld for konkurransen.

2.3 Kunngjering

Konkurransen vil bli kunngjort i Doffin-databasen.

2.4 Tilbudsåpning

Tilboda blir opna straks etter tilbodsfristen. Det er ikkje mogeleg å delta på tilbodsopninga.

3 Grunnlag for tilbodet

3.1 Konkurransegrunnlagets oppbygging

Konkurransegrunnlaget er bygd opp iht. NS 3450 og består av:

Konkurransebeskrivelsen (dette dokument)

Teikningar og illustrasjonar frå Hagen Landskap

Teikningar frå Hemar Prosjekt

Bilde av prototype av minnetavle med og utan belysning

Anbudsbeskrivelse

Eventuelle tillegg og justeringer av utsendt konkurransegrunnlag.

Referat frå synfaring og informasjonsmøte.

3.2 Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget

Leverandøren blir oppfordra til å ta kontakt med oppdragsgiver i god tid før tilbodsfristen utgår dersom han finn at konkurransegrunnlaget inneheld uklarheiter, mangelfull informasjon eller forhold som leverandøren ikkje kan akseptere, slik at oppdragsgiver får muligheit til å vurdere om konkurransegrunnlaget bør presiserast, utdjupast eller endrast.

Forespørselen skal framsettast skriftlig via det elektroniske konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV). Oppdragsgiver vil publisere spørsmål og svar i anonymisert form via KGV. Tilleggsinformasjonen er ein del av konkurransegrunnlaget.

Spørsmål kan alternativt framsettast via epost til HA-Plan AS, v/Hallgeir Wuttudal. Epost: hallgeir@haplan.no.
Sjå punkt 1.4 for frist til å stille spørsmål.

Spørsmål til konkurransen med svar vil bli anonymisert og formidla til alle leverandørar som har meldt seg på konkurransen.

3.3 Befaring og informasjonsmøte

Det vil bli avholdt eit informasjonsmøte med etterfølgjande tilbodsbefaring. Leverandørane blir oppfordra om å studere konkurransegrunnlaget grundig før informasjonsmøtet, og eventuelt sende inn skriftlege spørsmål i god tid. Det vil også bli høve til å stille spørsmål på informasjonsmøtet.

Leverandørane skal delta på den etterfølgjande befaringa. Dersom ein leverandør har unnlatt å delta på befaringa, vil oppdragsgiver legge til grunn at leverandøren har same kunnskap om rammebetingelsane for kontraktsarbeida som dei leverandørane som deltok på befaringa.

Det blir laga eit referat frå møtet/befaringa som vil bli publisert via KGV. Referatet er ein del av konkurransegrunnlaget.

Tilbodsbefaring blir gjennomført: **Tirsdag 17.11.2026 kl. 12.00.**

Adresse:

Ålesund kirke, Kirkegata 22, 6004 Ålesund.

Ansvarleg for synfaringa er Hallgeir Wuttudal og Andrea Hunger frå Ålesund kyrkjeleg fellesråd.

4 Krav til tilbodet

4.1 Tilbudets utforming

4.1.1 Organisering av tilbudsdokumenta

Tilbydaren skal ved utarbeiding av tilbodet sitt organisere innhaldet i henhald til følgjande rekkefølge:

1. Datert tilbudsbrev med tilbudssum (inkl. mva.), signert av bemyndiga person.
2. Dokumentasjon vedrørende kvalifikasjonskrav (pkt. 5 i konkurransebeskrivelsen).
3. Skatteattest.
4. Firmaattest.
5. Kredittvurdering.
6. Evt. forpliktelseserklæring(ar).
7. Dokumentasjon på evt. sentral godkjenning/ ansvarsrett.
8. Dokumentasjon på erfaring frå tilsvarande arbeid.
9. Utfylt prisfil.
10. Eventuelle avvik og atterhald.
11. Eventuelle vedlegg til tilbodet som ikkje passar inn som en del av dei andre punkta.
12. Spesifisert framdriftsplan med start- og sluttdato

Ved manglande levering av naudsynt og kravd dokumentasjon kan tilbod bli avvist.

4.1.2 Språk

Tilbod skal utformast på norsk.

4.2 Tilbodet sitt innhald

4.2.1 Avvik og atterhald

Atterhald og avvik vil kunne føre til avvisning. I staden for å gi tilbod med atterhald/avvik bør tilbydarane stille spørsmål underveis i gjennomføringa av anskaffelsen, jf. pkt. 3.2.

Eventuelle atterhald og avvik skal beskrivast i tilbodsbrevet. Alle atterhald og avvik skal vere presise og eintydige og skal innehalde ei henvisning til kva for punkt i konkurransegrunnlaget som ikkje er oppfylt. Leverandøren kan ikkje påberope atterhald og avvik som er beskreve på anna måte.

4.2.2 Mangelfull prisutfylling.

Poster som ikkje er prisa anses innkalkulert i andre poster, med mindre anna er angitt i tilbodsbrevet eller den manglende utfyllinga skuldast ein openbar feil som det er utvilsomt korleis den skal rettast.

4.2.3 Alternative tilbod

Det gis ikkje anledning til å gi alternative tilbod.

4.2.4 Deltilbud

Det er ikkje mogeleg å gi tilbod på delar av oppdraget.

4.3 Offentleglova

I henhold til Offentleglova vil anskaffelsesprotokollen og innkomne tilbod vere skjerma for offentleg innsyn fram til entreprenør er valgt. Deretter er tilbudsdokumenta gjenstand for offentleg innsyn. Det skal imidlertid gjerast unntak frå offentleg innsyn for opplysningar som er underlagt ein lovbestemt eller lovheimla teieplikt.

Ved innsynsbegjæring i tilbod vil innlevert sladda utgåve, tilbodsdokument 4, jf. Pkt. 4.1, bli sendt ut. Oppdragsgjevar vil gå gjennom sladda tilbod først og står fritt til å oppheve sladding som blir vurdert å vere meir omfattande enn lovverket tillet.

4.4 Levering av tilbodet

Tilbodet skal være skriftleg og bindande og leverast via konkurransegjennomføringsverktøyet som er benytta for denne konkurransen.
Dokumentasjonen skal leverast i egna format som f.eks. PDF-format.
Husk å sette av tilstrekkeleg tid til registrering og innlevering i KGV. Det vil under innlevering av tilbodet bli bedt om ein elektronisk signatur for å bekrefte at det er aktuell tilbyder som har sendt inn tilbodet. Elektronisk signatur kan skaffast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no. Vi gjer oppmerksom på at det kan ta nokre dagar å få levert elektronisk signatur slik at denne prosessen bør settast i gang i god tid før tilbodsfristen.
For nærare veiledning om innleveringa, sjå konkurransegjennomføringsverktøyet si veiledning for innlevering.
Tilbodet skal innleverast som .pdf, unntatt prisfil som skal leverast som .xml eller .gap.

4.5 Tilbudsfrist

For tilbudsfrist, sjå punkt 1.4 Viktige datoar.

For seint innkomne tilbod vil bli avvist.

4.6 Vedståingsfrist

Tilbodet skal være bindande som oppgitt i punkt 1.4 Viktige datoar

frå utløp av tilbodsfristen.

4.7 Tilbodskostnader

Leverandøren må sjølv dekke kostnader til å utarbeide tilbod og andre kostnader han påførast ved å delta i konkurransen.

4.8 Tilbodsopning

Leverandørene vil ikkje få adgang til å vere til stades ved opning av tilboda.

4.9 Protokoll

Leverandørane vil på forespørsel få innsyn i anskaffelsesprotokollen i samsvar med reglane i Foa og offentleglova, jf. pkt. 4.3.

5 Kvalifikasjonskrav

Kvalifikasjonskrav er krav som blir sett til tilbydaren for å sikre at han har dei naudsynte forutsetningane for å kunne oppfylle kontrakta og derfor kunne delta i konkurransen. Tilbydarar som ikkje fyller kvalifikasjonskrava skal avvisast frå konkurransen.

Tilbydaren må dokumentere at han har dei kvalifikasjonane som oppdragsgjevar etterspør for å kunne gjennomføre oppdraget.

5.1 Underentreprenørar

Dersom tilbydaren er avhengig av å støtte seg på underentreprenørane sine kvalifikasjonar for å oppfylle eit eller fleire av kvalifikasjonskrava, må tilbydaren dokumentere i tilbodet at han har rådigheit over underentreprenøren sin kapasitet. Tilbodet må i slike tilfelle innehalde følgjande dokumentasjon for kvar enkelt underentreprenør:

a) Dokumentasjon av dei tekniske, økonomiske eller faglege kvalifikasjonane hos vedkomande underentreprenør. Dokumentasjonen skal utformast og systematiserast i henhald til tabellane i pkt 5.3 – 5.5.

b) Forpliktelseserklæring skal eventuelt fyllast ut og underskrivast som dokumentasjon av at tilbydaren har rådigheit over de naudsynte ressursane frå underentreprenøren.

5.2 Nasjonale avvisningsgrunnar

Følgjande av avvisningsgrunnane i FOA § 24-2 er reint nasjonale avvisningsgrunnar:

- §24-2 (2). I denne bestemmelsen er det angitt at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte straffbare forholda er eit særnorsk krav.
- § 24-2 (3) bokstav i. Avvisningsgrunnen i ESPD skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisningsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandøren sin yrkesmessige integritet.

5.3 Tilbydaren si organisatoriske og juridiske stilling

Tilbydar skal dokumentere organisatorisk og juridisk stilling, sjå nedanfor.

1. Firmaattest.
2. Skatteattest for meirverdiavgift, ikkje eldre enn 6 mnd.
3. Skatteattest for skatt og arbeidsgjevaravgift, ikkje eldre enn 6 mnd.

4. Egenerklæring i samsvar med forskrifta sitt vedlegg 1 om SHA.

5.4 Tilbydaren sin økonomiske og finansielle soliditet

Tilbydar skal dokumentere økonomisk og finansiell kapasitet, sjå nedanfor.

1. Tilbydar skal opplyse om eigenkapital og totalkapital frå siste rekneskapsår.
2. Årsrekneskap inkludert revisorberetning for dei siste 3 rekneskapsåra.

Minste standardnivå: Eigenkapitalen skal vere positiv for dei siste 3 åra.

5.5 Tilbydaren sine tekniske og faglege kvalifikasjoner

Tilbydar skal dokumentere faglege kvalifikasjonar, sjå nedanfor.

1. Landskapsutforming, tiltaksklasse 1.
2. Innmåling og utstikking av tiltak, tiltaksklasse 1.
3. Redegjering av foretaket sitt kvalitetssikrings-/ styringssystem.
4. Redegjering av foretaket sitt miljøstyringssystem.
5. Bemanning for dette oppdraget(organisasjonsplan) med namn og CV for nøkkelpersonell som skal utføre oppdraget.
6. Tre prosjektreferanser, frå tilsvarende arbeider dei siste 5 åra, inkl. deira verdi, tidspunkt og mottakar.
7. Beskrivelse av utstyr, maskinpark eller anna tilgjengeleg utstyr med relevans for utføring av denne kontrakta.

Minste standardnivå: Det stillast krav om at tilbydar har erfaring frå arbeid av same art og vanskegrad. Eiga erklæring skal leverast på dette.

Klima- og miljøhensyn

5.6 Klima- og miljøhensyn

Oppdragsgjevar ønskjer å redusere klima- og miljøbelastninga ved gjennomføringa av kontrakten. Tilbydar skal skildre korleis arbeida er planlagde utførte med lågast mogleg utslepp og miljøpåverknad. Det vil bli lagt vekt på dokumenterte tiltak knytte til:

- Bruk av utsleppsfrie eller lågutsleppsmaskiner og arbeidsutstyr,
- Reduksjon av klimagassutslepp frå transport til og frå anleggsplassen,
- Attbruk og lokal disponering av overskotsmassar der dette er mogleg,
- Miljøvenlege materialval med låge klimagassutslepp,
- Tiltak for å redusere energibruk, støy og lokal forureining i anleggsperioden,
- Ivaretaking av eksisterande vegetasjon og avgrensing av inngrep på gravlundsområdet.

Tilbyder skal i tilbudet levere en beskrivelse av de tiltak som vil bli gjennomført, herunder hvilke maskiner og kjøretøy som planlegges benyttet, energibærere (elektrisitet, biodrivstoff, diesel mv.) og forventet miljøeffekt av tiltakene.

6 Tildelingskriterier

Tildeling av kontrakt baserast på en samla vurdering av det mest fordelaktige tilbod og alle tilbod vil bli vurdert mhp. følgande kriterium:

1. Tilbodspris, 40%.
2. Kvalitet, 30%.
3. Klima og miljøhensyn, 30%.

Evaluering av pris:
I evalueringa av pris vil den leverandøren som har lågaste pris, få poengsummen 10. Dei øvrige leverandørane får trekk i poeng tilsvarande den prosentvise avstanden til leverandøren med lågaste pris. Ein pris som er 10 % høgare enn det lågaste tilbodet, vil såleis gi poengsummen 9 (10 minus 10 % av 10). Poenga blir normalt avrunda til éin desimal. Ved små prisforskjellar blir det likevel nytta så mange desimalar som er nødvendige for å skilje mellom tilboda.

Evaluering av kvalitet:
I evalueringen av kvalitet vil det bli benytta poengsum fra 10 til 0.
Tilbodet med best kvalitet får 10 poeng. Øvrige leverandørar vil få eit fråtrekk basert på oppdragsgivers innkjøpsfaglege vurdering av forholdet mellom beste kvalitet og tilbodne kvalitet.

Evaluering av klima- og miljøhensyn:
Tilboda vil bli evaluerte på grunnlag av den forventa klima- og miljøgevinsten av dei tilbydde tiltaka, samt graden av konkretisering, gjennomførbarheit og dokumentasjon.

- **10 poeng:** Svært god miljøprestasjon med omfattande og dokumenterte tiltak, mellom anna høg del utsleppsfrie maskiner eller tilsvarande utsleppsreduksjonar.
- **7–9 poeng:** God miljøprestasjon med fleire konkrete og dokumenterte tiltak som gjev vesentleg miljøgevinst.
- **4–6 poeng:** Tilfredsstillande miljøprestasjon med enkelte miljøtiltak, men avgrensa dokumentasjon eller effekt.
- **1–3 poeng:** Få eller lite konkrete miljøtiltak.
- **0 poeng:** Manglande skildring eller tiltak utan dokumenterbar miljøeffekt.